

Norsk institutt for naturforskning  
Postboks 5685 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Dato: 09.06.2016  
Vår ref.: 2016/12-27  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.: 16S9E397

Att. Lars Rød-Eriksen

## Tilskot til viltformål 2016 - Tilsegn om tilskot inntil kr 10 000 til prosjekt "Hønsefuglportalen 2016"

### **Tilsegnsnr. 2016/12-27**

*Søknaden sitt referansenummer i Elektronisk søknadssenter ved Miljødirektoratet: 16S9E397.*

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 10 000 til prosjektet "Hønsefuglportalen 2016".

Vi viser til søknaden dykkar datert 15.01.2016, og politisk vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 10.05.2016, sak PS 73/2016. Lenkje til saksframlegget og til saksprotokoll med vedtak er høvesvis: [ <http://bit.ly/1t7SZzK> ] og [ <http://bit.ly/1sx9jtW> ].

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing innan forvaltninga av haustbare ikkje truga viltartar, med bakgrunn i løyving under den statlege tilskotsordninga til viltformål, kap. 1425 post 71, underpost 3, jf. Klima- og Miljødepartementet sitt rundskriv T-1/15 Tilskotsordningar for 2016 – Tilskot til viltformål.

Tilsegna gjeld til 01.06.2017.

## **1. PROSJEKTGRUNNLAG**

Hønsefuglportalen er ein nasjonal portal for rypar og skogsfugl. Portalen vart oppretta i 2013, som ein database for å forvalte og kvalitetssikre data frå årlege takseringar av hønsefugl, etter ønske frå rettshavarar. Målet er å sikre ei langsiktig ivaretaking av kvalitetssikra data frå hønsefugltaksering i Noreg. Ein føresetnad for å kunne gjennomføre ei moderne kunnskapsbasert småviltforvaltning er at bestandsstatus før jakt er kjent, slik at ein på grunnlag av dette kan gjere nødvendige forvaltningsgrep. Portalen er i dag eit samarbeid mellom Finnmarkseiendommen (FeFo), Statskog, Høgskulen i Hedmark (HiHm), Nord Universitet, Norsk institutt for naturforskning (NINA), Fjellstyrer og private grunneigarar. Det er nærare beskriving av portalen i NINA rapport 423 (2013). Portalen har auka raskt i omfang, og i 2015 vart det registrert 7136 km med taksering i portalen. NINA har i år søkt om tilskot for å jobbe vidare med arbeidspakke 2 (WP 2): "Vidareutvikling og justering av portalen samt invitasjon til andre områder". I arbeidspakken der ligg det utvikling av rutinar for å sikre representative takseringslinjer i dei enkelte takseringsområda, utvikling av felles rutinar for analysar og rapportering, og utvikling av rutinar og funksjonalitet for auka kommunikasjon med brukarar og anna forvaltning. I 2016 vil ein også jobbe for å auke takseringsarbeidet i dei regionar og landsdelar som pr. i dag har lågast aktivitet. Dette arbeidet vil, som i 2014 og 2015, gjennomførast i samarbeid med Fjellstyresambandet (for aktuelle fjellstyrer) og Høgskulen i Hedmark (for aktuelle private rettshavarar). Det er søkt 18 fylkeskommunar om vilttilskot til vidareutvikling av funksjonalitet og sikker drift av webportalen, og til strategisk utviding av omfanget av takseringane. Dette kjem i tillegg til evt utgifter og eigeninnsats med gjennomføring av takseringar i dei

respektive områda. Det er også lagt opp til at utgifter knytt til analysar og rapportering av takseringsresultat i forkant av haustjakta vert dekkja av brukarane.

Hordaland fylkeskommune støtta tiltaket med kr 50.000 i 2014 og kr 40.000 i 2015. I følgje sluttrapporten for tilskotet i 2014 vart det då taksert i alt 6347 km i landet fordelt på 160 takseringsområder i 69 kommunar. I Hordaland vart det taksert i og rapport for eitt rapporteringsområde, nærare bestemt Eidfjord statsalmenning (Eidfjord Fjellstyre), og NINA vil i følgje sluttrapporten jobbe aktivt for å auke omfanget av takseringar i fylket. Resultat frå søknadsbehandling i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet viser at Hordaland fylkeskommune med tilskota i 2014 og 2015 alt har betalt inn langt meir enn dei fleste andre fylkeskommunar. Det må difor kunne forventast at prosjektet har fullt trykk i Hordaland også i 2016, sjølv om fylkeskommunen i år berre betalar ein mindre del.

## 2. PROSJEKTORGANISERING

Prosjektansvarleg: Norsk institutt for naturforskning

Prosjektleder: Lars Rød-Eriksen [Lars.Rod-Eriksen@nina.no](mailto:Lars.Rod-Eriksen@nina.no)

## 3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

### Godkjende kostnader

Løn (eiga)	kr	320 000
Løn (leigd)	kr	30 000
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>350 000</b>

### Godkjend finansieringsplan

Eigne midlar	kr	70 000
Anna finansiering	kr	80 000
Anna tilskot frå miljøforvaltninga	kr	190 000
Hordaland fylkeskommune 2016, budsjettområde 160.404	kr	10 000
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>350 000</b>

## 4. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende det til fylkeskommunen innan 2 månader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

### Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.

- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
  - ◇ Bakgrunn for prosjektet
  - ◇ Mål med prosjektet
  - ◇ Oppnådde resultat
  - ◇ Vurdering mot oppsette mål
  - ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
  - ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet
- Mottakar av tilskot skal innan søknad om sluttutbetaling også levere sluttrapport og sluttrekneskap i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter, jf. krav til rapportering i [Forskrift om tilskudd til viltformål § 4](http://lovdata.no/forskrift/2014-11-25-1568/§4) [ <http://lovdata.no/forskrift/2014-11-25-1568/§4> ].

### Utbetaling

- Tilsegns-mottakar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttrekneskapskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.

**For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:**

- 1) Opprett ein EHF-faktura i eige fakturasystem, og merk fakturaen med saksnummer og ressursnummer.
- 2) Opprett ein bruker og send EHF- faktura via fakturaportalen Basware SupplierPortal (gratis)
  - Link til fakturaportal på [hordaland.no/tenester/tilskot](http://hordaland.no/tenester/tilskot)
  - Link til brukarretteleiing på [hordaland.no/tenester/tilskot](http://hordaland.no/tenester/tilskot)

Ved bruk av portal skal saksnummeret brukast som fakturanummer, og ressursnummer skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

### Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.
- Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingreglement §10.

### Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## 5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Jomar Ragnhildstveit, [jomar.ragnhildstveit@hfk.no](mailto:jomar.ragnhildstveit@hfk.no) tlf. 55 23 93 08.

Fylkeskommunen ønsker lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Sølve Dag Sundbø  
klima- og naturressurssjef

Jomar Ragnhildstveit  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Akseptskjema  
Sluttrekneskapsskjema

**Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 2 månader.**

## AKSEPTSKJEMA for Tilskot til viltformål 2016

Prosjektnamn: Hønsefuglportalen 2016	Tilsegnsnr: 2016/12-27
Tilskot inntil kr: 10 000,-	
Tilskotet gjeld til: 01.06.2017	Vår ref. 2016/12-27

**Fyllast ut av tilsegnsmottakar:**

Tilsegnsmottakar: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon/telefaks: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

Org. nr.: \_\_\_\_\_ Kto.nr. bank/post: \_\_\_\_\_

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Signatur:..... Stad:..... Dato:.....

Prosjektansvarleg

<b>Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen</b>
---

## SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

### Tilskot til viltformål 2016

Prosjektnamn: Hønsfuglportalen 2016	Tilsegnsnr: 2016/12-27
Tilskot inntil kr: 10 000,-	
Tilskotet gjeld til: 01.06.2017	Vår ref. 2016/12-27

**Fyllast ut av tilsegsmottakar:**

Org. nr. \_\_\_\_\_ Kto.nr. bank/post \_\_\_\_\_

Namn: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon/telefaks: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

**SLUTTREKNESKAP:**

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.3 i tilsegnsbrevet).

Godkjende kostnader:			Godkjend finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Hordaland fylkeskommune		

Godkjent av prosjektleiar: \_\_\_\_\_  
dato

\_\_\_\_\_ signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg: \_\_\_\_\_  
dato

\_\_\_\_\_ signatur og stempel

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**